



Møtebok for Ulvik fjellstyre

Stad: Møterom hjå Hardanger Energi, Ulvik
Dato: 26.02.2024
Klokkeslett: 18:00 – 23:00

Tilstades på møtet

Medlemer:

Atle Ulgenes, Stig Yngve Røkenes, Katrina Kvåle Hellesnes, Kåre Olai Solheim,
Johannes Sponheim

Forfall:

Referent/dagleg leiar: Ole Rune Røkenes

Saker:

08/24: Meldingar

**09/24: Val av representantar til villreinutvala på Nordfjella og
Hardangervidda**

10/24: Val av vararepresentant til styret i FH as

11/24: Årsmelding 2023

12/24: Årsrekneskap 2023

13/24: Aktivitetsplan 2024

14/24: Budsjett 2024

15/24: Regulering av prisar for 2024

16/24: Godtgjering til styret

17/24: Garnkort i Langavatnet for utanbygdsbuande

18/24: Søknad om bruk av trakkemaskin Viermyr – Hallingskeid

19/24: Førespurnad om uttale etter klage på tildeling av skuter-løyve

20/24: Eventuelt

Publisert: 11.03.2024.

Underskrifter

Me stadfestar at møteboka er rett:

Atle Ulgenes/s/

Stig Yngve Røkenes/s/

Katrina Kvåle Hellesnes/s/

Kåre Olai Solheim/s/

Johannes Sponheim/s/

08/24: Meldingar

Saksdokument:

Postjournal:

2024.19.01-001.5. Hardangervidda villreinutval - Informasjon om gps-merking av villrein, vinter 2024
2024.14.01-434.4. O. H. Sævertveit-Søknad om løyve til køyring med trakkemaskin og skuter, Viermyr-Hallingskeid, vinter 2024
2024.24.01-012.1. Øvre Nummedal fjellstyre - Møtebok frå møte i ØN fjellstyre 16.01.2024
2024.24.01-012.1. Ulvik fjellstyre - Møtebok frå møte i Ulvik fjellstyre 16.01.2024
2024.25.01-434.4. Ulvik herad -Løyve til skutertransport Finse–Dyrhaugane,feilretting på sambandslinje, 2 turar. Finse røde kors
2024.25.01-434.4. Ulvik herad - Løyve til skutertransport Storurdi-Finse, inntil 3 turar, ved/utstyr til hytte. v/N. Lemme
2024.30.01-434.4. Kjartan Steine -Søknad om løyve til skutertransport Viermyr - Hallingsskeid 2024-27, ved, utstyr Hallingskeid
2024.02.01.2.13. Eidfjord kommune - Høyring til forslag om ny forskrift om adferdsreglar og parkering på/ved Tinnhøvegen
2024.02.02-001.5. Hardangervidda villreinutval - Kvoteforslag villreinjakt, Hardangervidda 2024.
2024.02.02-434.4. Ulvik fjellstyre - Uttale ifm innreise/utreise-trase til Finsekurset for Hordaland røde kors
2024.05.02-012.1. Røldal fjellstyre - Møtebok frå møte i Røldal fjellstyre 29.01.2024
2024.06.02-434.4. Ulvik herad-Forespørsel frå formannskapet om ny uttale, klage frå DNT,skuterløyve i Ulvik SA Rembesdalseter
2024.06.02-652.1. Ulvik herad - Tilskotordning innanlandsfisk, mogelegheit å søkje om midlar frå Vestland f.kommune.
2024.06.02-036.3. Arkitekt E. Jarmund & Co as - Varsel om oppstart - Omregulering av Finse stasjonsbygning.
2024.07.02-434.4. Ivar Osa - Søknad om løyve til skutertransport Viermyr - Hallingsskeid, Viermyr-Ossete, 2024-2027
2024.09.02-011.5. Skarverennet - Invitasjon til møte 27. februar, Finse
2024.12.02-622.0. Hardangervidda villreinutval - NINA rapport - Erfaringer og usikkerheter etter 7 år med skrantesjuke CWD i Norge
2024.13.02-434.4. Ulvik fjellstyre-Løyve til skutertransport Viermyr-Hallingsskeid 2024-25, ved og utstyr, Hallingskeid, K. Steine
2024.13.02-434.4. Ulvik fjellstyre-Løyve til skutertransport Viermyr-Hallingsskeid, Viermyr-Ossete, 2024-25, I. Osa
2024.16.02-011.5. Skarverennet - Sikkerhetsplan ifm Skarverennet

Saksutgreiing:

Orientering v/O. R. Røkenes om saker og sidan sist møte i fjellstyret 16.01.2024 og fram til dato for møteinnkalling.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

O. R. Røkenes gjekk gjennom saker og aktivitet sidan sist møte i fjellstyret 16.01.2024 og fram til dags dato. Han orienterte særskilt om Vestland fylkeskommune si tilskotsordning til innlandsfisk og mogelegheit for å søkje. Også ei kort orientering om planleggningsmøte i Skarverennet 2024 der leiar deltek. Styret tok orienteringa til etterretning.

Vedtak (sak 08/24):

Ingen.

09/24: Val av representantar til villreinutvala på Nordfjella og Hardangervidda

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Medlemmer i Hardangervidda villreinutvalg vert valt for fire år om gongen. Det nye utvalet byrjar perioden sin på våren året etter kommunevalet. Det blir valt eit medlem frå kvar av kommunane med areal i Hardangervidda villreinområde. Det har vore vanleg at medlemmet sit i Ulvik fjellstyre. Førre periode har Atle Ulgenes vore medlem (og leiar i 2 år) i Hardangervidda villreinutval. Ulvik fjellstyre vel sitt medlem til villreinutvalet for dei neste fire åra.

Medlemmer i Nordfjella villreinutval vert valt for fire år om gongen. Det nye utvalet byrjar perioden sin på våren året etter kommunevalet. Det blir valt eit medlem og eit varamedlem frå kvar av kommunane med areal i Nordfjella villreinområde. Det har vore vanleg at medlem og varamedlem sit i Ulvik fjellstyre. Dei siste fire åra har Stig Yngve Røkenes vore medlem (og nestleiar dei to siste åra), og Johannes Sponheim har vore varamedlem. Ulvik fjellstyre vel sitt medlem og varamedlem til Nordfjella villreinutval for dei neste fire åra.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Leiar orienterte om saka.

Vedtak (sak 09/24):

Hardangervidda villreinutvalg: Atle Ulgenes vart valt som medlem for dei neste fire åra.

Villreinutvalet for Nordfjella: Stig Yngve Røkenes vart valt inn som medlem for dei neste fire åra. Johannes Sponheim vart valt inn som varamedlem for dei neste fire åra.

10/24: Val av vararepresentant til FH as

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Ulvik fjellstyre er medeigarar i Fjellstyra på Hardangervidda AS, som er driftsselskapet til alle fjellstyra rundt Hardangervidda. Det er vedtektsfesta at alle fjellstyreleiarar automatisk er styremedlemmer i selskapet. Varamedlem til styret må veljast av Ulvik fjellstyre. Siste fireårsperiode er det Stig Yngve Røkenes som nestleiar som har hatt dette vervet. Ulvik fjellstyre vel varamedlem til styret i Fjellstyra på Hardangervidda as for dei neste fire åra.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Leiar orienterte om saka.

Vedtak (sak 10/24):

Stig Yngve Røkenes vart valt inn som varamedlem i Fjellstyra på Hardangervidda AS, for dei neste fire åra.

11/24: Årsmelding 2023

Saksdokument:

- 02-24 Årsmelding 2023

Saksutgreiing:

Ein viser til vedlagt Årsmelding for 2023 i sin heilheit.

Framlegg til vedtak:

Ulvik fjellstyre godkjenner Årsmeldinga for 2023.

Referat:

O. R. Røkenes gjekk gjennom Årsmeldinga for 2023.

Vedtak (sak 11/24):

Fjellstyret godkjente Årsmeldinga for 2023.

12/24: Årsrekneskap 2023

Saksdokument:

- 02-23 Kontospesifikasjon 2023, og Resultat 2023

Saksutgreiing:

Årsrekneskap for 2023 ligg føre frå rekneskapsførar utan merknader, men er ikkje godkjent frå revisor. Styret må eventuelt godkjenne rekneskapen under føresetnad om godkjenning frå revisor. Rekneskapen viser eit underskot på kr. 124 003,-.

Framlegg til vedtak:

Årsrekneskapen for 2023 vert godkjent med atterhald om godkjenning frå revisor.

Referat:

O. R. Røkenes orienterte om årsrekneskap for 2023.

Vedtak (sak 12/24):

Fjellstyret godkjente årsrekneskap for 2023, med atterhald om godkjenning frå revisor.

13/24: Aktivitetsplan 2024

Saksdokument:

- Aktivitetsplan 2024

Saksutgreiing:

Ein viser til vedlagt aktivitetsplan for 2024 i sin heilheit. Timetal for feltarbeid og administrativ drift av fjellstyrekontoret er i tråd med budsjettal for Ulvik fjellstyre sitt tenestekjøp med Fjellstyra på Hardangervidda AS for 2024. Aktivitetsplan er ikkje låst, og det kan kome endringar. Områder som fjellstyret har peika ut viktige med tanke på småvilt- og fiskeoppsyn, vert prioritert. Det er viktig at bygging av ny utedo i Dyrahola vert utført sommaren 2024, då ein har fått eksterne midlar til dette tiltaket som fjellstyret har fått innvilga utsettelse på.

Framlegg til vedtak:

Ulvik fjellstyre godkjenner aktivitetsplan for 2024.

Referat:

O. R. Røkenes orienterte om aktivitetsplan for 2024.

Vedtak (sak 13/24):

Fjellstyret godkjente aktivitetsplan for 2024 slik den no ligg føre, herunder at endringar kan kome. Fjellopsynet tek omsyn til fjellstyret sine prioriterte områder for småvilt- og fiskeoppsyn. Bygging av ny utedo vert gjort av fjellopsynet sommaren 2024.

14/24: Budsjett for 2024

Saksdokument:

- Budsjett 2024

Saksutgreiing:

Budsjettet er lagt fram med fylgjande føresetnader:

- Gjennomføring av småviltjakt 2024.
- Tildeling av midlar til bygging av ny utedo i Dyrahola.
- Tildeling av midlar til fullføring av prosjektet naust Kvilinganutvatnet.

- Inntekter frå reinsdyrskort på same nivå/noko aukande som i 2023.
- Øvrige inntekter på same nivå eller noko aukande, forutsett vedtak om prisjustering, ref. sak 15/24.

Framlegg til vedtak:

Ingen.

Referat:

O. R. Røkenes orienterte om budsjett for 2024.

Vedtak (sak 14/24):

Fjellstyret godkjente budsjett for 2024 med dei føresetnader som ligg føre. Fjellstyret er bekymra for auka kostnader generelt.

Fylgjande endringar vert lagt inn i budsjettet:

- Det vert ikkje sett av midlar til utsett av fisk i 2024.
- Det vert lagt inn kr. 10 000,- til trykking av informasjonsbrosjyre til Ulvik fjellstyre for perioden 2024-2027. Saka vart meldt inn etter at framlegg til budsjett vart lagt fram.
- Midlar til drift av Finsebu var ved ein feil sett for lavt, og vert oppjustert frå 10 000,- til 30 000,-.

15/24: Regulering av prisar for 2024

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning blei endra sist gong i mars 2021. Det vart då gjort endringar i prisramma for sal av fiske og jakt på statsallmenning, som opna for ei justering av prisane til fjellstyret. Det vanleg at forskrifta vert endra kvar 5 år. I tillegg kjem reglane i Fjelleva (jakt og fiske) til anvending.

Konsumprisindeksen for perioden januar 2022 – desember 2023 var på 11,9%.

Fiskekort

Prisane på fiskekort vart i februar 2022 endra opp til prisramma i forskrifta (ref vedtak i sak 4/22). Det er derfor ikkje anledning til å setja prisane ytterlegare opp no, med unntak av pris på «garnekort for innanbygdsbuande» og «garnekort for utanbygdsbuande i Langavatnet».

Utdrag frå forskrifta - fiske:

§ 14. Prisrammer for fiske

For fiske gjelder følgende øvre prisramme for utenbygdsboende:

- a. døgnekort kr 110,–*
- b. ukekort kr 390,–*
- c. sesongkort kr 790,–*
- d. døgnekort familie kr 190,–*
- e. ukekort familie kr 560,–*
- f. sesongkort familie kr 1090,–.*

Prisen for fiske med garn og oter, og fiskekort for personer som ikke er bosatt i Norge, kan utgjøre inntil tre ganger prisrammen.

Prisen for fiske i vassdrag med anadrom laksefisk kan utgjøre inntil fem ganger prisrammene for fiske. Det skal være lik pris for innen- og utenbygdsboende.

Reinsjakt

For Hardangervidda villreinområde var det kun anledning å jakte vaksen bukk, 2,5 år og eldre i 2023. Framlegg til kvote for 2024 inneber framleis kun jakt på vaksen bukk, 2,5 år eldre. Ulvik fjellstyre får tildelt størstedelen av reinskorta i dette villreinområdet. Jakt på vaksen bukk er utfordrande for jegrane. Ein er dessutan uroa for at ei prisauke kan med fråfall av jegrar som ynskjer å jakte. Fjellstyret ynskjer derfor ikkje å endre prisane på reinskort i 2024. Framlegg til kvote for Hardangervidda for jakta 2024 er 4000 dyr, bukk 2,5 år og eldre.

Prisane for reinskort i 2023 var som vist i tabellen under.

Tabell 1. Prisar for reinskort i 2023

Nordfjella	Innanbygds	Utanbygds
Kalv	kr 600	kr 1 200
Simle/ungdyr	kr 1 200	kr 2 400
Fritt dyr	kr 1 900	kr 3 800
Hardangervidda		
Bukk vaksen	kr 1 600	kr 3 200

Småviltjakt

Prisane for småviltjakt på Ulvik statsallmenning vart sist gong sett opp i 2022 (ref vedtak i sak 4/22). I vedtaket frå 2022, såg ein det som naturleg å setja prisane ytterlegare opp då ein

framleis ligg under prisramma iht forskrift. Jakta i statsallmenningen er ettertrakta og det er grunnlag for å auke prisane opp til prisramma.

Utdrag frå forskrifta - småviltjakt:

§ 15. Prisrammer for småviltjakt og fangst

For småviltjakt og fangst gjelder følgende øvre prisrammer for utenbygdsboende:

- a. dagskort kr 280,–**
- b. 5-dagerskort kr 1130,–**
- c. ukekort (7 dager) kr 1580,–**
- d. sesongkort kr 2590,–.**

Prisen på 2- og 3-dagerskort for småviltjakt og fangst skal ikke overstige prisrammen pr. dag ganger antallet dager kortet gjelder

Tabell 2. Prisar for småviltkort i 2023

Småviltjakt for innanbygdsbuande	
Dagskort	kr 138
Vekeskort	kr 550
Sesongkort	kr 750
Småviltjakt for utanbygdsbuande	
Dagskort	kr 275
5-dagarskort	-
Vekeskort	kr 1 100
Sesongkort	kr 1 650

Hytteutleige

Ulvik fjellstyre sine utleigeprisar på hytter, vart sist gong endra i 2019. I tråd med den generelle kostnadsauken, er det no tid for å justere utleigeprisane på fjellstyret sine hytter.

Prisane for hytteutleige i 2023 var som vist i tabellen under.

Tabell 3. Prisar for hytteutleige 2023.

Oversikt over hyttene	Utleigeprisar pr. døgn	
	Innanbygdsbuande	Utanbygdsbuande
Finsebu	Helg: 1000,- Kvardag 700,-	Helg: 1500,- Kvardag: 1200,-

Dyrahola		
	400,-	1000,-
Søre Grøndalshytta		
	300,-	800,-
Ripsebu		
	300,-	800,-
Lengjedalsbu	75,- pr. person	
Rundavassbu	75,- pr. person	
Austdalsbu	75,- pr. person	
Memorgebu	400,-	
Sankebu	Utleigd til sankelag	

Framlegg til vedtak:

- Kortprisar på reinskort vert ikkje justert i 2024.
- Kortprisar på fiskekort vert ikkje justert i 2024, med unntak av prisar på garnkort.
- Prisar på hytteutleige vert justert iht framlegg i tabell.
- Kortprisar på småviltjakt vert justert iht framlegg i tabell.

	Gjeldande prisar	Prisramme	Framlegg til vedtak:
Fiske			
Døgerkort stongfiske	kr 110	kr 110	Ingen
2-døgerskort stongfiske	kr 190	kr 190	Ingen
3-døgerskort stongfiske	kr 290	kr 290	Ingen
Vekeskort stongfiske	kr 390	kr 390	Ingen
Sesongkort stongfiske	kr 790	kr 790	Ingen
Garnkort for innanbygdsbuande	kr 330		kr 350
Garnkort utanbygdsbuande Langavnt	kr 500		kr 550
Småviltjakt for innanbygdsbuande			
Dagskort	kr 138	kr 140	kr 140
Vekeskort	kr 550	kr 790	kr 790
Sesongkort	kr 825	kr 1 295	kr 1 000
Småviltjakt for utanbygdsbuande			

Dagskort	kr 275	kr 280	Kr 280
5-dagarskort	-	kr 1 130	-
Vekeskort	kr 1 100	kr 1 580	kr 1 580
Sesongkort	kr 1 650	kr 2 590	kr 2 000

Hytteutleige:

Oversikt over hyttene	Utleigeprisar pr. døgn		Framlegg til vedtak	
	Innanbygdsbuande	Utanbygdsbuande	Innanbygdsbuande	Utanbygdsbuande
Finsebu	Helg: 1000,- Kvardag 700,-	Helg: 1500,- Kvardag: 1200,-	Helg: 1000,- Kvardag 800,-	Helg: 2500,- Kvardag: 1800,-
Dyrahola	400,-	1000,-	400,-	1500,-
Søre Grøndalsbu	300,-	800,-	300,-	1000,- 1200,-
Ripsebu	300,-	800,-	300,-	1000,- 1200,-
Lengjedalsbu	75,- pr. person		100,- pr person	
Rundavassbu	75,- pr. person		100,- pr person	
Austdalsbu	75,- pr. person		100,- pr person	
Memorgebu	400,-		250,-	400,-
Sankebu	Utleigd til sankelag		400,-	1200,-

Referat:

O. R. Røkenes orienterte om saka.

Vedtak (sak 15/24):

Fjellstyret vedtok prisjusteringar på fiskekort (garnkort), småviltjakt og hytteutleige, jf. framlegg til vedtak. Døgnpris for utanbygdsbuande i Søre Grøndalsbu og Ripsebu, vert etter ynskje frå styret sett til kr. 1 200,- pr overnatting

16/24: Godtgjering styret

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Fjellova §7 gjev reglar om at fjellstyremedlemmene skal ha «rimeleg godtgjersle» for arbeidet. Godtgjersla, som blir utbetalt frå fjellkassa, skal fastsettast av kommunestyret etter framlegg frå fjellstyret.

Ulvik fjellstyre har i siste periode (2020-2023) hatt desse satsane for godtgjering (vedtatt i sak 08/20):

- Leiar: 15.000,- pr år.
- For styremedlemmer: Kr 720,- for fjellstyremøter inntil 4 timar. Kr. 1005,- for fjellstyremøter over 4 timar. Same møtesats er gjeve som administrative møter helde pr telefon/epost. Fjellstyret følgjer dei kommunale fastsette møtesatsane (iht kommunal forskrift). Desse vart justert sist gong 01.07.2022. Det er pr no ikkje gjort vedtak om endring av desse satsane.
- Godtgjering for styremedlemmer der ein representerer fjellstyret: Kr 720,- for fjellstyremøter inntil 4 timar. Kr. 1005,- for fjellstyremøter over 4 timar. Timesats inneheld medgått reisetid.
- Køyregodtgjering: Ulvik fjellstyre dekkjer køyring etter staten sine satsar. Pr 01.01.24 kr 4,90 pr km.

Framlegg til vedtak:

Møtesatsane (kr 720,- og 1005,-) vert vidareført slik det er pr i dag. Dersom Ulvik herad justerer desse, vil dette også gjelda Ulvik fjellstyre. Køyregodtgjering fyljer staten sine satsar.

Referat:

Leiar orienterte om saka.

Vedtak (sak 16/24):

Fjellstyret vedtok møtesatsar og sats for køyregodtgjering jfr. framlegg til vedtak.

17/24: Garnkort i Langavatnet for utanbygdsbuande

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Ulvik fjellstyre la i 2022 som ei prøveordning ut 8 garnkort for utanbygdsbuande for fiske i Langavatnet. Ordninga vart vidareført for sesongen 2023. Fisketida er lik som for innanbygdsbuande, 15 juli. august til 30. september. Det vart seld 5 garnkort i 2023 og samla sett eit lite antal fiskedøgn.

Fjellova opnar for at ein kan gje løyve til fiske med garn for utanbygdsbuande «når det kan skje utan at det går ut over fiskerettshavarane (...)», jf Fjellova §28. Fjellstyret må vurdere om omfanget av ordninga kan føre til ein nemneverdig negativ påverknad på fisket til innanbygdsbuande, og om ordninga kan føre til at det blir fiska for mykje. Moment å vurdere i denne samanhengen, er storleiken på vatnet og omfanget av garnfiske i vatnet i dag (sjansen for å ta fiskestadane frå innanbygdsbuande), og om ressursgrunnlaget tilseier at det med fordel kan fiskast meir i vatnet for å oppretthalde kvaliteten på fisken. Utfrå erfaringar frå sesongen 2022 og 2023, kan ein ikkje sjå at bruk av garnkort for utanbygdsbuande har skapt noko problem for bestand eller fiskerettshavarar.

Ulvik fjellstyre vedtok i 2023 (ref vedtak 06/23) at periode for garnfiske i Langavatnet, Ulvik statsallmenning vert frå 15. juli til 30. september. Det kan fiskast med inntil 15 garn pr døgn pr. kort. Det kan fiskast med garn inntil 18 omfar maskevidde. Vedtaket gjeld for åra 2023, 2024 og 2025. Utfrå erfaringar frå sesongen 2022 og 2023, kan ein ikkje sjå at bruk av garnkort for utanbygdsbuande har skapt utfordringar for andre fiskarar eller for fiskebestanden. Ein ynskjer derfor å videreføra ordninga for 2 nye år, for åra 2024 og 2025. Ein ser dette vedtaket saman med varigheit på vedtaket som gjeld utvida fisketid i Langavatnet (15.07-30.09) som også gjeld til og med 2025. Begge vedtaka får då ei varigheit til og med sesongen 2025.

Framlegg til vedtak:

Vedtak om sal av inntil 8 garnkort for utanbygdsbuande for fiske i Langavatnet vert gjort for 2 nye år, for 2024 og 2025.

Referat:

Leiar orienterte om saka.

Vedtak (sak 17/24):

Fjellstyret støtta framlegg til vedtak. Vedtak om sal av inntil 8 garnkort for utanbygdsbuande for fiske i Langavatnet vert gjort for 2 nye år, for 2024 og 2025.

18/24: Søknad om bruk av trakkemaskin Viermyr - Hallingskeid

Saksdokument:

- Søknad frå Ove Henry Sævertveit

Saksutgreiing:

Over Henry Sævertveit søker Ulvik fjellstyre om å nytte uregistrert trakkemaskin vinteren 2024, strekninga Osafjellset – Hallingskeid og Osafjellet - Ossete for transport av ved og

utstyr til stølshus (Tuftene) tilknytt landbruksdrift. Søkjar skriv det verta aktuelt å nytta snøskuter i tillegg for å ivareta tryggleika. Det vert søkt om løyve på «direkte heimel» jf. Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag §4, 1. ledd, bokstav c). Det vert søkt om estimert 15 turar. Brukt trase går i det vesentlege innanfor privat område, men den brukte trasen er innanfor Ulvik statsallmenning i området Rundavatn og Floskefonn. Søkjar opplyser at han har ervervsløyve i Ulvik herad for perioden 2024 – 2025 for 2 snøskutrar.

Søkjar har vinteren 2022 og 2023 hatt løyve til å nytte trakkemaskin på same strekning. Bakgrunnen for at fjellstyret den gong gav løyve, var at søkjar hadde arbeid for Statnett langs linjetraséen mellom Rundavatnet og Memorge, og arbeid for Bane Nor i Hallingskeid-området. Det framgår ikkje i søknaden at søkjar har slikt arbeid denne vinteren.

Sist gong fjellstyret gav løyve, såg ein det som ein fordel at vegen frå Osa til Viermyr og vidare til Austdølvatnet, vart preparert med trakkemaskin, då dette bidrog til tryggare ferdsel med snøskuter. Dette var med i fjellstyret si totalvurdering den gong.

Fjellstyret lyt ta stilling til om bruk av trakkemaskin i statsallmenningen og i villreinområde er noko fjellstyret ynskjer å tillate, herunder det antal turar det er søkt om. Det er viktig å presisere at det er snøskuter som er vanleg framkomstmiddel i høgfjellet. Eit viktig moment er om ein ynskjer å gje løyve til bruk av trakkemaskin når snøskuter likevel kan nyttast.

Ulvik fjellstyre vurderer søknaden etter heimel i Lov om Motorferdsel i utmark og vassdrag (Motorferdselloven). Lova seier at hovedregelen er at all motorferdsel er forbudt i desse områda jf §3. Det kan likevel gjevast løyve dersom særskilte vilkår opplista i lova er oppfylt. §10 slår fast at grunneigar kan forby eller avgrense motorferdsel på sin eigedom. For Ulvik statsallmenning vert denne grunneigarretten forvalta av Ulvik fjellstyre.

Fjellstyret har og med heimel i Fjellova §12, 3 ledd, rett til å forby eller avgrense motorferdsel i Ulvik statsallmenning.

Fjellstyret vurderer dessutan reglane i Naturmangfaldlova §§ 8-12 (kunnskapsgrunnlaget, føre-var-prinsippet, økosystembelastning og samla belastning, kostnader ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver, og miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder). I dette ligg det også å vurdere framtidige og konsekvensar og presedens eit eventuelt slikt løyve til bruk av trakkemaskin vil skape.

Villreinen i Nordfjella sone 2 og på Hardangervidda nord for riksveg 7, er i ein sær viktig og sårbar situasjon. Klassifiseringa etter kvalitetsnorma for villrein blinkar raudt. Det er starta ein nasjonal dugnad for reduksjon av all menneskeleg påverknad i dei nasjonale villreinområda. Villreinen i sone 2 er hovudkandidat for reetablering av dyr i Nordfjella sone 1. Desse nasjonale føringa tek Ulvik fjellstyre omsyn til i vurderinga.

I vurderinga er det alltid førande at all køyring må avgrensast til eit minimum. Den som har eit løyve må også vurdere om det mogeleg å samkøyre transport med andre.

Framlegg til vedtak:

Ulvik fjellstyre sin rett å avgrense, redusere eller forby motorferdsel i statsallmenningen er ligg i Fjellova §12 og i Motorferdsellova §10. Fjellstyret har vurdert søknaden etter reglane

Naturmangfaldlova §§ 8-12. Fjellstyret har i vurderinga lagt vekt på dei nasjonale føringane for ligg føre, med å ta omsyn til villreinen som er i ein sær sårbar situasjon.

Søknad om bruk av trakkemaskin i Ulvik statsallmenning vert ikkje innvilga. Ulvik fjellstyre vil likevel vurdera ein søknad om enkelttur. Skriftleg søknad må då sendast Ulvik fjellstyre.

Ulvik fjellstyre gjev løyve til bruk av snøskuter med registreringnummer JB 9595 og NW 6132, for vinteren 2024 og 2025. Køyringa er heimla i Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag (*tillatelser med hjemmel direkte i loven*) §4, 1.ledd, bokstav c). Søkjar vil få tilsendt løyve.

Referat:

Leiar orienterte om saka. Leiar påpeikte at søkjar gjennom mange år har hjulpet fjellstyret med ulike arbeidsoppgåver. Søkjar er dessutan ein mykje brukt ressurs i samband med redningsaksjonar i fjellet. Leiar meinte at det er riktig at søkjar får løyve på inntil 5 turar (t/r) med trakkemaskin.

Stig Y. Røkenes meinte at det ikkje er riktig å innvilga løyve til bruk av trakkemaskin når søkjar likevel får løyve for 2 snøskutrar på den same strekninga. Han påpeikte at fjellstyret har eit klart ansvar utfrå nasjonale føringar for å redusere motorferdsel i dette området som ligg innanfor Hardangervidda villreinområde. Området er brukt av villrein og det er også for nokre år sidan dokumentert kalving i området det skal køyrast i. Stig Yngve Røkenes støtta framlegg til vedtak.

Stig Y. Røkenes tok opp spørsmålet om leiar sin habilitet med søkjar. Røkenes gjorde styret kjent med at leiar er personleg venn med søkjar. Leiar erklærte seg ikkje inhabil. Dei 3 øvrige styremedlemmene meinte også at leiar var habil i saka.

Vedtak (sak 18/24):

Snøskuter: Fjellstyret støtta framlegg til vedtak. Det vert gjelvt løyve til bruk av snøskuter med registreringnummer JB 9595 og NW 6132, for vinteren 2024 og 2025. Køyringa er heimla i Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag (*tillatelser med hjemmel direkte i loven*) §4, 1.ledd, bokstav c). Søkjar vil få tilsendt løyve.

Trakkemaskin: Fjellstyret støtta ikkje framlegg til vedtak. Saka vart avgjort ved fleirtalsvedtak, slik: 4 stemmer for (Ulgenes, Solheim, Kvåle Hellesnes og Sponheim). 1 stemme mot (Stig Y. Røkenes). Søkjar får løyve til bruk av trakkemaskin på strekninga Osa-Hallingskeid og Osa-Osete for vinteren 2024 og 2025, inntil 5 turar (t/r) pr vinter. Køyringa må avgrensast til eit minimum. Køyringa er heimla i Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag (*tillatelser med hjemmel direkte i loven*) §4, 1.ledd, bokstav c). Søkjar vil få tilsendt løyve.

19/24: Førespurnad om uttale etter klage på tildeling av skuter-løyve i Rembesdalen

Saksdokument:

- Klage frå DNT, datert 20.12.2023
- Referat frå Ulvik herad, etter handsaming av sak i Formannskapet 30.01.2024
- Uttalar frå Ulvik fjellstyre

Saksutgreiing:

Ulvik herad mottok 20. desember 2023 klage frå DNT etter at søkjar fekk innvilga snøskuter-løyve inntil 3 turar på strekninga Viermyr-Rembesdalen, det same som i 2023. Ulvik herad oversendte så klagen til Ulvik fjellstyre. Ulvik fjellstyre saman med Ulvik herad, gav etter dette ny likelydande ny innstilling om framleis løyve på inntil 3 turar. Dette skjedde i forkant av handsaming av saka i Formannskapet den 30.01.2024. Etter møtet i Formannskapet, vart saka nok ein gong sendt attende til Ulvik fjellstyre med førespurnad om ytterlegare ein ny uttale.

Ulvik fjellstyre har tidlegare gjeve uttale etter bestemmelsar i Lov om Motorferdsel i utmark og vassdrag. Hovudregelen i lova er at all motorferdsel er forbudt i desse områda jf §3, men at det likevel kan gjevast løyve dersom særskilte vilkår opplista i lova er oppfylt.

Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag §10 slår fast at grunneigar kan forby eller avgrense motorferdsel på sin eigedom. For statsallmenningen vert denne grunneigarretten forvalta av Ulvik fjellstyre. Ulvik fjellstyre har og med heimel i Fjellova §12, 3 ledd, rett til å forby eller avgrense motorferdsel i Ulvik statsallmenning. Fjellstyret vurderer dessutan reglane i Naturmangfaldlova §§ 8-12 (kunnskapsgrunnlaget, føre-var-prinsippet, økosystembelastning og samla belastning, kostnader ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver, og miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder).

Villreinen i Nordfjella sone 2 og på Hardangervidda nord for riksveg 7, er i ein særskild viktig og sårbar situasjon. Klassifiseringa etter kvalitetsnorma for villrein blinkar raudt. Det er starta ein nasjonal dugnad for reduksjon av all menneskeleg påverknad i dei nasjonale villreinområda. Villreinen i sone 2 er hovudkandidat for reetablering av dyr i Nordfjella sone 1. Desse nasjonale føringa tek Ulvik fjellstyre omsyn til i si totalvurdering.

Når fjellstyret har vurdert denne saka, har ein lagt til grunn det regelverket som gjeld innanfor fjellstyret sitt ansvarsområde. Dette gjeld også omsynet til nasjonale føringar som til ei kvar tid ligg føre. Desse føringane er teke omsyn til når fjellstyret har gjeve uttale i saka, både i 2023 og i 2024.

I vurderinga er det alltid førande at all køyring må avgrensast til eit minimum. Den som har eit løyve må også vurdere om det mogeleg å samkøyre transport med andre, eller ved hjelp av anna transportmiddel.

Søknaden omhandlar også arbeid med å leggja ut bruer langs turløypetraséen mellom Rembesdalen og Finse. Etter fjellstyret si vurdering vil vera vanskeleg å leggja ut bruer innan

30. april (siste dag for bruk av snøskuter i Ulvik herad), pga snømengdene det vanlegvis er i desse områda. Fjellstyret kan derfor ikkje sjå at denne køyringa er reelt då arbeidet vanskeleg kan gjennomførast.

Det er dessutan mogeleg, dersom det er tilstrekkeleg med snø, å ta seg inn til Rembesdalen via anna trasé, frå parkeringsplass i Isdalen og til Rembesdalsseter (Eidfjord). Det er noko bratt frå vatnet og opp til DNT-hytta i Rembesdalen, men skal vera fullt mogeleg å ta seg fram.

Ulvik fjellstyre har i tidlegare uttalar meint at all transport av material, ved, gass og utstyr til DNT-hytta bør skje med helikopter frå Simadal, Eidfjord. Her er det gode mogelegheiter for samkjøring av transport med Statskraft som jevnleg har arbeid i Rembesdalen ifm regulerte vassdraget der.

Ulvik fjellstyre er kjent med reglane i Fjelleva om å kunne tilrettelegge for næringsverksemd i statsallmenningen. Sidan næringsdrifta ligg i Eidfjord kommune, har fjellstyret ikkje tillagt dette like stor vekt, som om næringsdrifta hadde funne stad i eigen statsallmenning.

Framlegg til vedtak:

Ulvik fjellstyre har uttalt seg positivt til å gje søkjar løyve både i 2023 og 2024, men antal turar det er søkt om er etter fjellstyret si vurdering for høgt. Ein har då gjeve uttale på inntil 3 turar pr sesong.

Ulvik fjellstyre tek stilling til om ein ynskjer å gje nok ei uttale i saka, og eventuelt kva denne uttalen skal innehalde av opplysningar som ikkje tidlegare er meddelt i saka. Ein registrerer at når saka no er sendt Ulvik fjellstyre att, antar ein at det ligg eit politisk ynskje bak om at fjellstyret bør innvilga fleire turar. Ein vil då minne om at Ulvik fjellstyre er eit uavhengig organ som gjev sjølvstendige vurderingar i ulike saker etter det regelverket og dei overordna føringar fjellstyret er forplikta å fylje.

Referat:

Leiar orienterte om saka. Han meinte at saka skulle vore handsama i styret.

Vedtak (sak 19/24):

Fjellstyret gav etter fleirtalsvedtak innstilling på å gje søkjar løyve til bruk av snøskuter på strekninga Viermyr – Rembesdalen, med inntil 10 turar (t/r) for vinteren 2024. Vedtaket vart gjort slik: 4 stemmer for (Ulgenes, Solheim, Kvåle Hellesnes og Sponheim) og 1 stemme mot (Stig Y. Røkenes). Fleirtalet meinte at det er viktig å leggje til rette for næringsdrift då søkjar er busett i Ulvik, og at det er riktig å gje ei innstilling på det same antalet turar som er gjeve av Eidfjord kommune.

20/24: Eventuelt

Sak 21/24:

Saksdokument:

- Kvoteforslag frå Hardangervidda villreinutvalg, jakta 2024

Saksutgreiing:

Ulvik fjellstyre har motteke kvoteforslag for jakta 2024 frå Hardangervidda villreinutval. Høyringsfrist er 15. mars. Kvoteforslaget er tidlegare sendt ut til styremedlemmane. Kvoteforslaget inneber ei kvote på 4000 dyr, der heile kvoten vert tildelt som «vaksen bukk, 2,5 år og eldre». Jakttid er 20.august – 22. september. Det er ikkje rom for uttak av simle eller kalv då målsettinga for årleg kalvetilvekst er 1500 kalv, iht bestandsplan for 2023-2025. Fjellstyret registrerer at kvoteforslaget på antal dyr/type for 2024 er likt som for 2023. Kvoteforslaget ivaretar overordna føringar i forvaltninga om uttak av vaksen bukk då ein meiner det er bukkane som er overrepresentert for bærar av prionsjukdommen CWD.

Framlegg til vedtak:

Ulvik fjellstyre støttar Hardangervidda villreinutvalg sitt kvoteforslag for jakta 2024.

Referat:

Leiar orienterte om saka.

Vedtak (sak 21/24):

Fjellstyret støtta framlegg til vedtak.

Sak 22/24 (meldt inn på epost av leiar, 20.02.24)

Saksdokument:

- Tilbod av 08.02.24 frå Aksell om trykking av brosjyre for Ulvik fjellstyre. Innhenta av A. Ulgenes. Tilbodet gjengjeve i saksutgreiing.

Saksutgreiing:

Designoppsett og filarbeid inntil 6 arbeidstimar: kr 6900,- eks mva (basert på førre utgåves omfang og medgått tid). Trykk: 1000 stk -12 sider - A5 brosjyre -150g silk: kr 8700,- eks mva

Tilbodet med kostnad er ikkje lagt inn i budsjett for 2024, og ein ber fjellstyret sjå denne saka i samanheng med handsaming av budsjettet.

Framlegg til vedtak:

Ingen.

Referat:

Leiar orienterte om saka.

Vedtak (sak 22/24):

Det vert lagt inn kr. 10 000,- på budsjettet for 2024.